



Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Dato: 08.12.2014

Vår ref.: 2014/18785-16

Saksbehandlar: pernord1

Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av områdeplan for Våge sentrum - Tysnes kommune

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 2. desember 2014 vedtak om fråsegn til områdeplan for Våge sentrum. Det er gjort vedtak om motsegn.

Vi sender her fråsegna med vedtak og saksutgreiing.

Motsegna kan trekkjast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader. Kommunen kan då eigengodkjenna områdeplanen.

Per Nordmark
seniorrådgjevar, planseksjonen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Arkivnr: 2014/18785-15

Saksbehandlar: Per Nordmark, Anja Nordvik Sætre, Gunnbjørg Austrheim, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	167/14	02.12.2014

Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Våge sentrum - Tysnes kommune

Samandrag

Tysnes kommune har sendt på høyring reguleringsplan for Våge sentrum. Fylkeskommunen har fått utsett frist til 09.12.2014 grunna politisk handsaming av fråsegna. Fylkesrådmannen vurderer at planforslaget er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresser og tilrår motsegn til planen.

Forslag til vedtak

1. To automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 60632 (nausttuft) og Askeladden-id 170753 (bosettings-aktivitetsområde), omsynssone c – H730_1, er ikkje rett plassert i plankartet. Det er knytt motsegn til dette punktet.
2. Arealformål o_SGS8, gang/sykkelveg, er i direkte konflikt med Askeladden-id 170753 (bosettings-aktivitetsområde). Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Arealformål o_SV8, veg går inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft). Planlagt arealformål skal omfatta dagens vegskulder, og vegskuldra går inn i sikringssona. Desse formuleringane må leggjast til i føresegna: *Tiltak knytt til o_SV8 skal skje på nordsida av vegen i området der denne kuttar inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft) og grenser til omsynssone H570_6 mot sør*. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovenfor.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.12.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. To automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 60632 (nausttuft) og Askeladden-id 170753 (bosettings-aktivitetsområde), omsynssone c – H730_1, er ikkje rett plassert i plankartet. Det er knytt motsegn til dette punktet.

2. Arealformål o_SGS8, gang/sykkelveg, er i direkte konflikt med Askeladden-id 170753 (bosettingsaktivitetsområde). Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Arealformål o_SV8, veg går inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft). Planlagt arealformål skal omfatta dagens vegskulder, og vegskuldra går inn i sikringssona. Desse formuleringane må leggjast til i føresegna: *Tiltak knytt til o_SV8 skal skje på nordsida av vegen i området der denne kuttar inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft) og grenser til omsynssone H570_6 mot sør.* Det er knytt motsegn til dette punktet.

4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovenfor.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Planskildring -06062014.pdf
- 2 Plankart - 06.06.14.pdf
- 3 Føresegner 06062014.pdf
- 4 Fråsegn til områdeplan for Våge sentrum - Tysnes kommune

Fylkesrådmannen, 11.11.2014

Bakgrunn

Tysnes kommune gjer ei områderegulering for Våge i offentleg regi og har sendt reguleringsplan for Våge sentrum på høyring med frist 1. oktober 2014. Målet med planarbeidet er å utvikla Våge som ein attraktiv stad, og eit sterkt senter. Kommunen legg Fjordlandsbykonseptet i fylkesdelplanen for Sunnhordland og stadianalyse til grunn. Planen er i samsvar med kommuneplanen 2011 – 2022. Det er utarbeidd planprogram for prosessen. Planen består av plankart, planskildring med konsekvensutgreiing og planføresegner.

Planforslaget vert lagt fram for KURE fordi fylkesrådmannen tilrår motsegn grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser.

Kultur- og ressursutvalet har høve til å gje motsegn til planen dersom regionale og nasjonale interesser står på spel. Når motsegn blir fremja må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegngene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje blir fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremje motsegn i saka (fj. Forskrift til kulturminnelova kap. 1, § 3).

Hordaland fylkeskommune har gitt fråsegn til høyring av reguleringsplanen datert 16.09.2014. I fråsegna er det gitt planfaglege vurderingar og særleg nemnt areal og transport, arkitektur og estetikk, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, næringsutvikling, samferdsel, senterutvikling, strandsone og kulturminne. Når det gjeld kulturminne er det gitt ei utfyllande vurdering med tilrådingar. Fylkeskommunen vurderte at planforslaget er i konflikt med nasjonale interesser når det gjeld kulturminne og ba om endringar i planen. Utan endringar vart det varsle motsegn, og at fylkeskommunen må ha utvida frist. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 09.12.2014 med å gi samla fråsegn i saka.

Fylkeskommunen har etter at fråsegna vart sendt hatt kontakt med kommunen for å avklara dei ønskte endringane. Planen er til no ikkje endra. Kommunen har signalisert at dei ønskjer å ta omsyn til dei motsegnspunkt som er presentert av Hordaland fylkeskommune, men kommunen er framleis i drøftingar med fleire aktørar om endringar i planframlegg. Det kan difor ta noko tid før kommunen kan presentera justert planframlegg. For å sikra kulturminneinteressene må Hordaland fylkeskommune nyta seg av sin motsegsrett, og motsegn må fremjast innan høyringsfristen.

Kulturminne i området

Arkeologar fra Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering innafor planområdet i perioden 8.-15.07.2013. Utfyllande informasjon er gitt i brev med vedlegg dagsett 27.11.2013.

Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune var på ei felles synfaring i området med møte i etterkant 21.08.2014. Fylkeskommunen varsle om grunnlag for motsegn til planen i brev datert 16.09.2014. Vi viser også til epost 01.09.2014 til kommune og plankontor med filer knytt til sikringssona til kulturminna med id 60632 og id 170753, H370_1.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 29.09.-01.10.2014 marinarkeologiske undersøkingar i reguleringsområdet.


Det er registrert fem automatisk freda kulturminnelokaliteter innafor planområdet:

- Askeladden-id 25633, heller – H730_3
- Askeladden-id 66526, gravrøys – H730_2
- Askeladden-id 60632, nausttuft – H730_1
- Askeladden-id 170753, bosettings-aktivitetsområde – H730_1
- Askeladden-id 99953, bosettings-aktivitetsområde. Lokaliteten er arkeologisk undersøkt i

samband med tidlegare tiltak

I tillegg ligg det fleire viktige Sefrak-registrerte bygningar og naustmiljø innafor planområdet.

Kart 1: Situasjonskart over Vågsneset. Våge Sentrum, Tysnes
Plankart fra offentleg høyring med oppmålinger fra Riksantikvarens
database for kulturminner, Askeladden, lagt over.



Kulturminnefaglig vurdering

Våge er eit område med store verdiar som er best tent med å bli teken vare på ut frå eigne landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetar. Når det gjeld dei nye tiltaka i områdeplanen meiner vi spesielt at tiltak knytt til eksisterande kulturminne, kyrkjestaden og landskapet knytt til fjorden, er særleg viktig å løyse på ein god måte. Planforslaget som er lagt ut på høyring tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til kulturminneverdiane på Våge. Vi vurderer at konsekvensutgreiinga er noko mangelfull då den ikkje gjer utfylgjande informasjon om tidfesting, tilstand, historikk m.m. om den eldre bygningsmassen i planen.

Konflikt med automatisk freda kulturminne

Planen som er lagt ut til offentleg ettersyn er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er to område i planen der det er konflikt, sjå kart 1 utstrekning av kulturminna sett i forhold til plankartet og områda med konflikt.

I plankartet som er lagt ut på offentleg ettersyn er ikkje kulturminneområda for Askeladden-id 60632 og Askeladden-id 170753 rett plassert. Dette gjev grunnlag for motsegn, og ligg grunn for punkt 1, 2 og 3 i innstillinga. Korrekte oppmålinger er lasta ned frå Riksantikvarens database for kulturminner, Askeladden, og sendt kommune og plankontor 01.09.2014.

Det er planlagt ein gang- og sykkelsti, o_SGS8, som skal gå tvers over Vågsneset. Kulturminnet og tiltaket må plasserast rett på plankartet. Traseen slik den er vist i plankartet går gjennom austsida av sikringssona til Askeladden-id 170753, H730_1. Dette gjev grunnlag for motsegn. På synfaring 21.8.14 med kommunen og plankontor vart det fortalt at tiltaket skal vera universelt utforma med ei breidde på tre meter.

Kulturminnet og tiltaket må plasserast rett på plankartet. Vi rår til at den planlagde traseen forturstien over Vågsneset vert endra slik at den ikkje kjem i konflikt med Askeladden-id 170753, H730_1. Omsynssone H570_6 er knytt til kulturminna, Askeladden-id 60632 og Askeladden-id 170753, H730_1. Gang- og sykkelvegane O_SGS8 og O_SGS9 går høvesvis gjennom og langs sørlig kant av omsynssone H570_6.

Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje blir køyrd over eller gjort inngrep i sikringssonene til kulturminna. Vi ber om at utforminga på gang- og sykkelstiane og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtalt i

føresegnerne.

Det skal gjerast til utbetring av vegen ut til Vågsneset. Arealformål o_SV8, veg, er i direkte konflikt med Askeladden-id 60632. Kulturminnet og tiltaket må plasserast rett på plankartet. Dagens vegskulder går inn i sikringssonen, og planlagt arealformål skal omfatte vegskuldra. Dette gjev grunnlag for motsegn. På synfaring 21.8.14 med kommunen og plankontor vart det fortalt at eit tiltak knytt til utbetring av veg vil gå frå dagens vegskulder på sørsida og verta utvida på nordsida. Vegen skal ikkje hevast, men utvidast mot nord. Terrenget i området er styrande for kor tiltaket kan leggjast. Planlagde tiltak innafor sikringssona skal skje i eit området som allereie er råka av dagens veg. Riksantikvaren har difor vurdert at kommunen ikkje treng å søke om dispensasjon dersom Askeladden-id 60632 og tiltaket plasserast rett på plankartet, og desse formuleringane under blir inkludert i føresegna knytt til punkt 3.1 – Veg o_SV, jf. telefonsamtale med Kjersti Randers ved RA 05.11.2014:

Tiltak knytt til o_SV8 i skal skje på nordsida av vegen i området der denne kutter inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft) og grenser til omsynssone H570_6 mot sør.

Andre kulturminnefaglege merknader til plankartet

H570_8

Omsynssona H570_8 er knytt til kulturminnet med Askeladden-id 25633, H730_3. BFS8 har same utstrekning og er regulert til arealformål Frittliggjande småhus. Vi ber om at BFS8 vert gjort om til Grønstruktur då planlagd arealformål og føresegn ikkje let seg kombinera med føremålet til omsynssona.

H570_7/ BSB1 og BFT

Omsynsona H570_7 er knytt til Askeladden-id 66526, H730_2. Vi ber om at avgrensinga for BSB1 og BFT vert trekt ut av omsynssona. I føresegna for desse to område må det takast omsyn til nærliken til omsynssona, samt kyrkja i bakkant, knytt til sikt, skjemming o.l. Slik vi ser det vil byggetiltaka i nærliken til kyrkja, BSB1 og BFT, føra til at den nye bygningsmassen kan verta skjemmande for Våge sentrum og kyrkjesteden Våge om dei ikkje får ei god utforming og dimensjonering. Våge kyrkje har ei heilt sentral plassering i dette park- og landskapsrommet og bør få stå som eit viktig signalbygg på kyrkjegarden og i tettstaden. Det viktig å halde på heilskapen og siktlinjer og sikre viktige kulturminne.

o_ST1

Området o_ST1 er regulert til arealformål torg. Hordaland fylkeskommune har i fråsegn til oppstartsmelding stilt seg kritisk til utfylling i Svevågen av slikt omfang at det stenger att draget på sørsida. Området ligg inntil omsynssone H570_6. Dei registrerte kulturminna på Vågsneset har ei tilknyting til sjø og sjøvegen. I draget på Vågsneset er dei allereie inneklemt i nord av eksisterande tilkomstveg, og det er viktig at ei utfylling sør for draget ikkje har ein utilbørleg skjemmande verknad i høve dei kulturminna som er kjent i området. Ved opparbeiding av området o_ST1 må ein unngå å skade viktige landskapstrekk som overgangen mellom sjø og land. Utfyllinga bør avgrensast på ein slik måte at den tek vare på kvalitetane for kulturminna og kulturlandskapet. Vi rår til at utfyllinga i større grad følgjer dagens landskap og trappast ned mot vatnet for å gi en god tilpassing til eksisterande landskap. Føresegna knytt til området må sikra fri sikt og kontakt mot sjø for kulturminna i omsynssone H570_6.

SGS2

SGS2 går inn i omsynssone H570_7. Føresegna knytt til området må sikra at kulturminnet knytt til omsynssone H370_2 ikkje vert utilbørleg skjemma. Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje vert kjørt over eller gjort inngrep i sikringssonene til kulturminna. Vi ber om at utforminga på gang- og sykkelstien og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtala i føresegnerne.

BKB 12

Vi ber om at BKB 12 som er regulert til omsynssone H570 vert utvida til å omfatte heile det samla gardstunet. Den gamle løa er ein del av det heilskaplege tunet.

BKB7

For BKB7 vil vi be om at eksisterande byggegrense ikkje vert utvida då dette kan medføra direkte konflikt med eksisterande bygg på nabotomta som er regulert til vern.

BKB10

Det same gjeld for BKB10, der byggegrensa ikkje må utvidast utover eksisterande byggegrense. Dette området er viktig å halde ope.

BAA2

Når det gjeld BAA2 meiner vi at tiltaket ved Mandelhuset er viktig å halda fritt for ny bygningsmasse. Vi meiner tiltaket kan få negativ verknad på samanhengen i standsona i Våge. Dette gjeld særleg den eldre naustbusetinga, som er så karakteristisk for Våge, og som direkte vert råka av dette nye tiltaket. Slik vi ser det, er dette eit samanhengande bygningsmiljø, som er best tent med å verta teke vare slik det ligg i dag. Vi har forståing for at det er ynskje om å fortette i Våge sentrum, men planforslaget må omarbeidast slik at kulturmiljøet vert betre teke vare på.

Kulturminnefaglege merknader til føresegner

Føresegnene må utformast slik at dei tek tilstrekkeleg omsyn til kulturminna, kyrkjestaden og kulturlandskapet knytt til fjorden når det gjeld utforming og høgd. Vi ber om at ein tek dette inn i dei generelle føresegnene: *Kulturminne og kulturmiljø: Kulturminne og kulturmiljø er ein del av dei ålmenne interessene i kommunen. Desse skal ivaretakast særskilt. Tiltak som kan ha verknad på eit kulturminne eller omgjevnadene skal ha gode visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve tiltaket sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnadene.*

Omsynsoner er eit viktig verkemiddel som gjer det mogleg å ivareta kulturminne, kulturmiljø og landskap. Medan arealføremålet syner framtidig eller noverande bruk av området, syner omsynssoner omsyn og restriksjonar som er avgjerande for bruken av området.

Vi ber om at dei fire avsnitta under vert sett inn i føresegnene:

Bandlegging etter lov om kulturminne;

I omsynssone LKM1-3 er følgjande kulturminne freda etter Kulturminneloven § 4 (automatisk freda):

- *Askeladden-id 25633, heller – H730_3*
- *Askeladden-id 66526, gravrøys – H730_2*
- *Askeladden-id 60632, nausttuft – H730_1*
- *Askeladden-id 170753, bosettings-aktivitetsområde – H730_1*

Til kulturminna høyrer det ei sikringssone med radius fem meter utanfor kulturminne si synlege avgrensing, jf. Kulturminneloven § 6.

Areala er bandlagt etter Kulturminneloven § 3.

Vi ber om at det vert knytt følgjande retningsliner til omsynssone C – Bevaring kulturmiljø H570_01-H570_10:

H570_01-H570_10 er sone med særlig bevaring av kulturmiljø, omsynssone c. Kulturmiljø og landskapsbilete knytt til denne skal takast vare på. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (som til dømes sjøbruk) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og verta sett i stand, PBL § 11-9 nr 7.

Tilrettelegging og formidling

Tre av kulturminna innafor planen ligg høveleg til for tilrettelegging og formidling til publikum, til dømes ved skilting. Dette gjeld dei to lokalitetane på Vågsneset (Askeladden-id 60632 og 170753), samt gravrøysa (Askeladden-id 66526) på Kuholmen. Gravrøysa ved Kuholmen ligg inne på Hordaland fylkeskommune si liste over prioriterte kulturminne for tilrettelegging og skjøtsel gjennom Riksantikvaren sitt BARK-program (Bevaring av arkeologiske kulturminner). Det kan vere tenleg å inkludere i planen sine føresegner at det skal utarbeidast skjøtselsplan for kulturminna.

Oppsummering

Områdeplan for Våge sentrum er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er tilrådd motsegn til planen. Motsegna kan trekkest dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader.